


Betre fiskesesong enn i fjor?



Arne Terje Haugland er klar for ein ny fiskesesong. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Frå og med sundag er det atter lov å fiska i Uskedalselva og storfiskar og oppsynsmann Arne Terje Haugland håpar på ein betre sesong enn i fjor fram til fiskeslutt 15. september.

2007-sesongen vart totalt sett berre middels, mellom anna på grunn av dårleg vassføring i starten. Men det vart teke fleire store laksar med Leif Magne Jordal (10,22 kilo) og Knut Inge Eidsvik (9,2) som toppmenn på fangst-statistikken.

Og med det same vi er inne på fjoråret: Det vart seld 59 årskort og 84 døgncort og innrapportert 377 kilo fisk – 274 kilo laks og 103 kilo aure. Men dette er truleg berre 60 prosent av det som faktisk vart fanga. Det var særleg på årskort innrapporteringa svikta og no blir depositumet dobla frå 250 til 500 kroner for å få fleire til å senda inn fangstmelding. Det er svært viktig med tanke på det vidare arbeid for fiskebestanden i elva.

Årskortprisen er no 1.000 kroner medan det kostar 225 kroner å fiska i eitt døgn (her er depositumet 100 kroner). Fiskeskorta blir som før selde på SPAR, bensinstasjonen og Rabben.

I dei seinare årssa har laksebestanden i elva auka sterkt, men Arne Terje tek ikkje for gitt at det på sikt vil gå ut over bestanden av aure i den tradisjonelt svært gode aureelva. Han viser her til rapportar frå andre elvar der det også har vorte satsa sterkt på kalking at auren kan koma attende. Og som støtte for dette fortel han at han har sett mykje smolt i båthamna i det siste.

Men lusa er eit usikkerhetsmoment også for Uskedalselva. Prøvefisket i Hardangerfjorden er i så måte ikkje lovande, den viser ei urovekkjande oppblomstring av lakselus. Men førebels har Arne Terje heldigvis ikkje sett så mye fisk med lus i elva.

I dei seinare åra har elveigarlaget gjort mykje for å leggja tilhøva betre til rette for fiska og held fram med det. Arne Terje har rydda på Nils Rausteins grunn i Hauglandshagen (oppover frå Heiabrua) og det er god dekning med oppstillingsplassar for bilar.

Men meir kan gjerast til dømes med omsyn til skilting av stigar fram til fiskeplassane og oppstilling av bord og benker på sentrale plassar, påpeikar fiskarar overfor uskedalen.no.

Av Ola Matti Mathisen



Bergensaren Leif Magne Jordal tok største laksen i Uskedalselva i fjor – den vog 10,22 kilo.